


# Tema for orientering og drøfting – Regionalt planforum 29.05.2024

## Tema: Reduksjon av friområde og krav om erstatningsareal

Det er meldt inn behov for meir parkering knytt til Galleri Ullinsvin / aktivitet i Ullinsvin



Gjeldande plansituasjon (reg.pl) vist over.

Til høgre:

To skisser til innspelt arealbehov for parkering.

På den øvste skissa ligg arealet P3 (30 p-plassar) og tilkomstveg innafor det regulerte friområdet Dompe.


Skisse i flybilete t.h.: Forslaget som er innteikna her krev lite tilrettelegging og ligg godt i terrenget. 20 plassar krev eit areal på ca. 25m x 17m på tosidig parkering.





Det er spelt inn behov for inntil 30 nye p-plassar. Norsk kulturarv, Gudbrandsdalsmusea og Ullinsvin AS er leigetakarar i Ullinsvin. Galleri Ullinsvin/Ullinsvin har hatt ei positiv utvikling sidan opninga av galleriet hausten 2019, og besøkstalet til sommarutstillingane har meir enn dobla seg frå 2022 til 2023 med nærare 6000 besøkande i 2023. Nytt p-areal vil også kunne nyttast for dei som brukar friområdet Dompe og dei som klatrar i Jutulporten.

Utviding av parkering vil råke område regulert som friområde i gjeldande reguleringsplan. Kommunen leiter etter aktuelt erstatningsareal, jf. rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging.




Kartutsnitt t.v. viser utsnitt av gjeldande reguleringsplan. Raud ellipse skisserer eit omtrentleg "leiteområde" for parkering.

#### Erstatningsareal?

Sør for det regulerte friområde Dompe er det i kartet t.v. vist eit mogleg utvidingsareal av friområdet (blått areal).

Arealet er bratt og delar av det skredutsett og slik sett ikkje godt eigna som eit tilrettelagt/opparbeidd friområde. Kan det vere aktuelt som regulert friområde utan tilrettelegging sidan det er turstig gjennom området og området er ei grønstruktursone mot busetnad nedanfor?



Kartutsnitt t.v. er frå kommuneplanens arealdel.

Areal vurdert som erstatningsareal: Området som grenser til Vågåvatnet (markert med blå ellipse). Området er i KPA avsett som grønstruktursone. Det er turstig her og området er mykje brukt som sentrumsnært nærturområde.

Kan dette godkjennast som erstatningsareal for reduksjon av friområde?

Dompe er eit stort friområde i Vågåmo sentrum. I del av området er det etablert diskolfbane. Ved arrangement i Dompe (bursdagsfeiringar, akedagar og liknande) blir det ofte parkert langs veg i bustadfeltet. Det er i dag ikkje tilrettelagt for parkering her. Utviding av parkeringsareal i Ullinsvin vil kunne fungere også som parkering for Dompe friområde. Dei som klatrar i Jutulporten også kunne nytte eit slikt parkeringsareal i nærleiken da det ikkje er lagt til rette for parkering ved Jutulporten.

Dersom aktuelle areal vist i kart over blir vurdert å ikkje vere fullgod erstatning for det areal av friområdet som blir føreslege til parkering: Vil opparbeiding av parkering kunne sjåast på om eit tiltak som dels bidreg til å legge til rette for auka bruk av Dompe og meir trafiksikker løysing, og ut frå dette kunne forsvarast i forhold rpr for barn og planlegging?

### Tema: Stadutvikling - Vågåmo sentrum - byggehøgder

---

Det er eit mål i planarbeidet å innarbeide hovudtrekk frå masterplanarbeid for stadutvikling i Vågåmo. Masterplanen har fått politisk tilslutning som eit grunnlag og ei rettesnor for vidare arbeid med utvikling av Vågåmo.

Det er gjennom masterplanen eit innspel om å vurdere å opne for auka byggehøgder i sentrum, fortrinnsvis langs Vågåvegen. I masterplanen er det m.a. tilrådd:

*"Skala/byggehøgde tilpassa eksisterande forhold samstundes som ein sikrar gode utviklingsmoglegheiter. Det bør særleg vurderast om delar av sentrum kan tole noko auka byggehøgde."*

*"Mangel på byggjeklare tomter gjer at fortettingsstrategiar og transformasjon av eksisterande bygningsmasse er eit viktig tema i arbeidet med stadutviklingsplanen. Det må vurderast om auka byggehøgde er aktuelt for å komprimere vidare utbygging kring den eksisterande kjernen."*

I gjeldande planverk er maks. mønehøgde sett til 9 meter. Fleire bygg i sentrum er høgare (m.a. kommunehuset, helsesenteret, Vågåtunet, Vågåhallen/kulturhuset).

hoydedata.no		
Bygning	Høgde	Moh topp bygg
Kommunehuset	11,7	388,5
Vågåkyrkja	11	387,6
Vågåhallen	12,7	384,1
Kiwi	9,1	387,2
Villa hotel	8,6	386,4
Lensmannsgarden	7,9	384,1
Eidefoss admin	8,5	386,3
Vågåheimen	8,6	382,1
Vågå Barneskule	8,9	377,7
Ottadalen Mølle	7,8	378,1
Vågå Ungdomsskule	9,9	377
Vågå Handelsforening	8,7	383,7
Vågå Bruk	10,3	379,1
Andre Etasje	7,6	382,5
Bokhandelen	9	384,5
Vågåtunet	10,6	383,5

Tabell: Tabellen viser høgder for nokre bygningar i Vågåmo sentrum, henta frå [www.hoydedata.no](http://www.hoydedata.no)

Forslag om å setje maksimalmønehøgde til 12 meter (dvs. ca. 3 etasjar) for bygningar som grenser til Vågåvegen innfor sentrumssona samt for område regulert til offentlig tenesteyting innfor sentrumssona.

Merknader/innspel?


### Klatrehall:

Innspel til planen frå klatregruppa: Oppføring av klatrehall m. klubbhus innfor område til avsett til idrettsanlegg i sentrum. Det er sendt inn ei prinsippkisse av eit bygg som skisser er eit areal og volum. Innvendig klatrevegg med høgde 15 m er dimensjonerande for klatrehallen. Skissene som er spelt inn til kommunen er utklypp frå eit tidleg moglegheitsstudie/volumstudie for m.a. å avdekke arealbehov. Prinsippkissa viser eit bygg med gesimshøgde 15 m (mot nedre bane, dvs. mot sør). Terrenget på staden skråar slik at med ei plassering som skissert, vil bygget vere lågare sett frå nord. Sjå prinsippkisser nedanfor.


Dagens idrettshall (Vågåhallen) som ligg rett vest for området for skissert klatrehall er jf. høgdedata ca. 13 meter høg. Spiret på Vågåkyrkja er ca. 19 m høgt, og kyrkjetaket 11 m høgt.



**FASADEKONSEPT FRA ØVRE BANE**



**SNITT**



Merknader/innspeil ?